



# **PLAN FOR BRUK AV NYNORSK I NISSEDAL KOMMUNE**

Vedteke av kommunestyret 2. oktober 2014, sak 67/14

## **1 Innhold**

1.	Kvifor plan for bruk av nynorsk i Nissedal kommune?.....	3
1.1	Bruk av nynorsk internt i organisasjonen Nissedal kommune .....	3
1.2	Bruk av nynorsk blant innbyggjarane i Nissedal kommune .....	3
1.3	Språkåret 2013.....	4
2.	Arbeidet med planen.....	4
3.	Visjon.....	4
4.	Hovudmål .....	4
5.	Delmål og strategi .....	4
6.	Rullering av planen.....	5

## 1. Kvifor plan for bruk av nynorsk i Nissedal kommune?

Nissedal kommune har vedteke at nynorsk er kommunens administrasjonsspråk. Kommunen har ein sterk tradisjon som nynorskkommune, noko som er godt dokumentert i tidlegare politiske uttalar frå kommunestyret. Her er ei stoltheit i bruken av dialekten og det nynorske skriftspråket. Desse er viktige delar av vår kulturarv, identitet og kjensle av tilhøyr.

Auken i mobilitet i befolkninga og stadig press frå bruk av bokmål i sentrale media og liknande, har gjort at det er lettare enn før å velje vekk bruk av det nynorske skriftspråket. I dette ligg det utfordringar knytt til å motivere til bruk av nynorsk både i og utanfor eigen organisasjon. På bakgrunn av denne utviklinga har kommunen i sin planstrategi (vedteken i januar 2013) definert følgjande utfordring:

- Korleis kan kommunen ta ei meir aktiv rolle i å ta vare på identitet og kulturarv som ligg i det å bruke nynorsk i det daglege?

Som svar på utfordringa er det i planstrategien vedteke at det skal utarbeidast ein plan for bruk av nynorsk i Nissedal kommune. Det er definert at planen skal omfatte bruk av nynorsk både internt og utanfor kommunen som organisasjon.

### 1.1 Bruk av nynorsk internt i organisasjonen Nissedal kommune

Sidan nynorsk er vedteke som kommunen sitt administrasjonsspråk, vil mange ta som ei sjølvfølgje at alle tilsette nyttar nynorsk i all sin skriftelege kommunikasjon i arbeidet sitt. Likevel kan vi finne mange døme på at tilsette nyttar bokmål t.d. i oppslag som er retta mot innbyggjarane/brukarane, noko som stirr mot språkvedtaket til kommunen. Det er også ein del tilsette som slit med å formulere eksterne skriv på god nynorsk. Vi treng difor å gjere ein innsats i kommunen sin organisasjon for å oppfylle språkvedtaket, og denne planen skal peike på kva mål vi set for dette arbeidet.

### 1.2 Bruk av nynorsk blant innbyggjarane i Nissedal kommune

I "Strategisk næringsplan for Nissedal kommune" vedteke 7.3.2013, er eitt av delmåla:

- Arbeide for ei styrka identitetskjensle og merkevarebygging.

Turistar og tilreisande vil gjerne møte det som er av sær preg på dei stadene dei kjem til. Det vil difor styrke opplevingane for denne gruppa om Nissedal kan vidareføre sin sterke tradisjon for bruk av dialekt og nynorsk.

Også for fastbuande innbyggjarar har kulturarv, identitet og tilhøyr mykje å seie. Med god bruk av dialekt og nynorsk i det opne rom, vil dette bygge opp under stoltheita for den plassen folk har vald å busetje seg og/eller drive næring på. Det kan gjere at det skal meir til for at dei skal flytte herfrå. Dette kan også verke som ein styrke overfor tidlegare innbyggjarar, som har vore ute i nokre år for å ta utdanning og samle nyttig erfaring. Det at dei kan kome heim att til ein plass der folk er stolte av heimplassen sin, kan vere viktige argument i vurderinga om dei ynskjer å flytte heim att for godt. Samla kan desse forholda bidra til ein folketalsauke på sikt, i tråd med kommuneplanen. Dette igjen kan gjere det lettare for arbeidsgivarane i Nissedal kommune å skaffe den arbeidskrafta og kompetansen dei treng i ei tid der vi opplever sterk vekst i talet på arbeidsplassar.

## 1.3 Språkåret 2013

Det er ikkje tilfeldig at arbeidet med planen blei starta opp i 2013. Planen må sjåast i samanheng med fokuset språk fekk i Språkåret 2013. Språkåret 2013 markerte at det var 200 år sidan Ivar Aasen vart fødd og 100 år sidan Det Norske Teatret opna. Språkåret var ei raus feiring av språklege skilnader og mangfald. To av måla for språkåret er særleg relevante som bakgrunn for denne planen:

- Skape større språkleg sjølvkjensle blant nynorskbrukarar og større aksept for den språkdelte kulturen.
- Gjere også bokmålsbrukarane stolte av den nynorsk skriftkulturen.

## 2. Arbeidet med planen

Utviklingstrekk og utfordringar knytt til bruk av nynorsk i Nissedal kommune er omtalt i Planstrategi for Nissedal kommune. Det blei gjort eit nummer ut av å utnytte motivasjonen som låg i det fokuset språk generelt og nynorsk spesielt hadde i Språkåret 2013.

I februar 2013 blei det nedsett ei arbeidsgruppe som jobba med ulike tiltak innan Språkåret 2013. Denne gruppa bestod av einingsleiar skule Kjersti Vevstad, einingsleiar barnehage Gro Turid Midtsund, einingsleiar kultur Anne Margrethe Espelid, næringskonsulent Kari Hagelia Olstad, kommunalsjef personal og utvikling Benedikte Vonen, leiar av Nissedal frivilligsentral Ellen Margrethe Garn og Nissedal mållag ved Harald Valle (Tor Valle og Margit Johansen har representert mållaget ved behov). Benedikte Vonen har vore leiar av gruppa. Gruppa har gitt innhald og innspel til planen etter kvart, parallelt med andre aktivitetar knytt til Språkåret 2013. Det er utarbeidd ein eigen rapport frå arbeidet i gruppa.

## 3. Visjon

Nissedal kommune skal bli oppfatta som ein føregangskommune for bruk av nynorsk.

## 4. Hovudmål

- a. Tilsette i Nissedal kommune brukar nynorsk i all ekstern skriftleg kommunikasjon.
- b. Tilsette i Nissedal kommune oppmodast til å nyte nynorsk i all intern skriftleg kommunikasjon.
- c. Elevar i Nissedal kommune føretrekker å skrive og lese nynorsk framfor bokmål.
- d. Barnehagebarn i Nissedal kommune har eit naturleg forhold til nynorsk som formidlingsspråk.
- e. Bedrifter og organisasjonar i Nissedal kommune tek eit bevisst val mellom bokmål og nynorsk når det gjeld namn, skriftleg arbeidsspråk og skilting.

## 5. Delmål og strategi

Knytt til kvart hovudmål, har vi funne fram til ulike føresetnader som må vere til stades for å nå målet. Kall det gjerne delmål eller strategiar. Under desse vil det vere naturleg å leggje konkrete tiltak som samla må til for å oppfylle hovudmålet, og dette må innarbeidast i den ordinære handlingsplanen til kommunen.

**Hovudmål a: Tilsette i Nissedal kommune brukar nynorsk i all ekstern skriftleg kommunikasjon.**

1. Nissedal kommune forventar at alle tilsette kan skrive nynorsk.
2. Leiarforum går føre med eit godt døme og brukar alltid nynorsk i sin eksterne skriftlege kommunikasjon.
3. Alle leiarar krev av sine tilsette at dei alltid brukar nynorsk i sin eksterne skriftlege kommunikasjon.

**Hovudmål b: Tilsette i Nissedal kommune brukar nynorsk i all intern skriftleg kommunikasjon.**

1. Leiarforum går føre med eit godt døme og brukar alltid nynorsk i sin interne skriftlege kommunikasjon.

**Hovudmål c: Elevar i Nissedal kommune føretrekker å skrive og lese nynorsk framfor bokmål.**

Det er vedteke politisk at det skriftlege undervisningsspråket i skulane i Nissedal kommune skal vere nynorsk. Det inneber at alle elevar har nynorsk som målform i stega 1-7.

1. Undervisningspersonalet skal halde seg fortruleg med det politiske vedtaket.
2. Skuleleiarar skal legge til rette for nynorskopplæring dersom undervisningspersonell treng det.
3. All programvare i skulane bør vere på nynorsk.
4. Bøkene (både i papir og digitalt) i skulefritidsordninga bør vere på nynorsk, både dei som blir lese høgt frå og dei som barna sjølve kan lese.
5. Andelen av dei elevane som vel bokmål i 8. steget skal gå ned.
6. Biblioteket satsar breitt på bøker på nynorsk, både digitalt og på papir.
7. Bokprosjekta i skulane skal omhandle bøker på nynorsk og forfattarar som skriv på nynorsk.
8. Skulen skipar ein nynorsk tekstkonkurranse for skuleelevar i samarbeid med lokalt nærings- og kulturliv.

**Hovudmål e: Barnehagebarn i Nissedal kommune har eit naturleg forhold til nynorsk som formidlingsspråk.**

1. Bruk av nynorsk skal vere forankra i årsplanane i barnehagane.
2. Barna skal bli kjente med nynorsk som formidlingsspråk.

**Hovudmål f: Bedrifter og organisasjonar i Nissedal kommune tek eit bevisst val mellom bokmål og nynorsk når det gjeld namn, skriftleg arbeidsspråk og skilting.**

1. Nissedal kommune oppmodar alle lokale bedrifter om å nytte nynorsk.
2. Nissedal kommune oppmodar alle lag og foreiningar til å nytte nynorsk.

## **6. Rullering av planen**

Planen skal rullerast minst ein gong i kvar kommunestyreperiode. Arbeidsmiljøutvalet har rett til å uttale seg om planen i samband med rullering.